

Opplæringspakke for personale utan helsefagleg utdanning.

Innleiing og bakgrunn

Opplæringspakken er utarbeidd av Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) Vestland, Sogn og Fjordane. Den bygger på Helsedirektoratet (Hdir) sine tilrådingar og rettleiing om opplæringstiltak i samband med covid-19: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/covid-19-opplaeringsressurser>. Opplæringsressursane knytt til smittevern er i tråd med tilrådingar frå Folkehelseinstituttet (FHI) og gjeldane prosedyrar for smittevern utarbeidd av hygienejukepleiar ved Helse Førde.

Opplæring av nye tilsette er viktig for å drive forsvarlege tenester. I tida framover forventar vi eit større tal tilsette utan helsefagleg utdanning. Føremålet med opplæringspakken er å vere ei støtte til leiarar i kommunehelsetenesta i deira planlegging og gjennomføring av opplæringstiltak.

Målgruppe

Målgruppa for opplæringa er nye tilsette og vikarar, og tilsette frå andre einingar i kommunen som blir omdisponert grunna situasjonen rundt Covid-19. Opplæringa skal bidra til at tilsette utan helse- og omsorgsfagleg utdanning får innføring i relevante fagtema og nødvendig kompetanse for å arbeide med pasientar/brukarar og deira pårørande i kommunehelsetenesta.

Forslag til gjennomføring

Det er viktig å presisere dette er eit supplement til den opplæringa som til vanleg skjer på arbeidsstaden. Dei nye tilsette må få opplæring i gjeldande prosedyrar og rutinar, og gå saman med nokon for å bli kjende. I tillegg må dei ha ein grunnleggande kompetanse om tenestene dei skal yte, som til dømes rettslege rammer for tenestene, om etiske problemstillingar i utføring av arbeidet, kunnskap om tenestemottakaren sine behov og ressursar (Helsedirektoratet).

Før start i avdelinga:	I avdelinga:
Leiar vurderer om det er behov for å tilpasse opplæringspakken til si eining.	Gjennomføre opplæring slik som vanleg ved nye tilsette, t.d. gå saman men kjende personale på vakter
Leiar sender dokumentet på epost til personalet slik at dei kan opne lenkene direkte	Øve på spesifikke prosedyrer innan smittevern (handhygiene, på- og avkledning av smittevernutstyr)
Levere ut hefte «Dette må jeg kunne-...» dersom det blir kjøpt inn / skrive ut	Øve på andre prosedyrer som er aktuelle i avdelinga
Den nyttilsette / vikaren går gjennom innhaldet på eiga hand	Gjennomføre fellesundervisning på utvalde tema. Ta utg.punkt i presentasjonane til heftet «Dette må eg kunne...». Forslag: kommunehelsetenesta, kommunikasjon, haldningar og etikk, observasjon og rapportering (inkl dokumentasjon), demens

Praktisk informasjon

Opplæringshefta «[Dette må jeg kunne – introduksjon til helse- og omsorgsarbeid](#)» og «[Dette må jeg kunne - gode tjenester til personer med utviklingshemming](#)» kan lastast ned frå heimesida til Aldring og helse (nytt lenkene over), eller bestillast her frå deira nettbokhandel:

<https://butikk.aldringoghelse.no/bokhandel/alle-publikasjoner>. Pris: kr 115,-/ kr 80,-

Opplæringspakken blir sendt ut til kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane, og vil bli delt på USHT si heimeside og facebook.

Det er lagt vekt på at alle kjeldene er opne, dvs ikkje bak betalings-/abonnementsmur.

Tips: Om du ikkje får til å opne lenkene i dokumentet ved å dobbeltklikke på dei, så held du musepeikaren over adressa, trykk knappen control/CTRL og venstre musetast samtidig. Du kan òg kopiere adressa og sette rett inn i søkefeltet på t.d. Google.

Det er utarbeidd eit eige skjema som leiar kan bruke for å halde oversikt over kven som har mottatt informasjon og følgd opplæringa. Leiar/kommunar står fritt til å gjere eigne tilpassingar. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) er tilgjengeleg for innspel, spørsmål og rettleiing.

Andre aktuelle nettsider/ressursar:

Helsedirektoratet: [Covid-19 - opplæringsressurser](#)

Nasjonal kompetansetjeneste Aldring og helse: [Koronaviruset og eldre](#) og [Demens](#)

Verdighetsenteret: [Ressursbank Helse og omsorg](#) og [Aktuelt](#)

Innhald og ressursar

Smittevern

Basale smittevern og isolering

- Prosedyre [«Basale smittevernsrutinar»](#), Hygienesjukepleiar, Helse Førde. Samhandlingsbarometeret
- E-læring, [«Basale smittevernsrutiner»](#), Kompetansebroen (20-25 min)
- E-læring: [«Smittevern – kunnskapstest»](#), Kompetansebroen (5 min)
- E-læring, [«Smitteisolering»](#), Kompetansebroen (15-20 min)

Handhygiene:

- Prosedyre [«Handhygiene»](#), Hygienespl Helse Førde, Samhandlingsbarometeret
- E-læring, [«Håndhygiene»](#), Kompetansebroen (10 min)

Bruk av smittevernutstyr (der det er aktuelt):

- Undervisningsfilm om [på- og avkledning av smittevernutstyr, og ved gjenbruk av smittefrakk](#) Hygienesjukepleiar Helse Førde, Samhandlingsbarometeret (4 min, 2 min)
- Undervisningsfilm, [«Påkledning og avkledning av smittevernutstyr i sykehjem»](#), USHT Agder, Kristiansand (15 min)

Merknad frå hygienejukepleiar HF, Laila Aarnes:

1. Kristiansand brukar ikkje oppatt frakken når den er brukt til stell. Vi seier det er ok, men den må skiftast ved synleg tilsøla. Vi held på det og tenkjer det er same pasient og pasienten er allereie smitta av koronavirus. Det viktige blir skifte av hanskar
2. Brukte vernebriller legg Kristiansand i Virkon; vi har i vår prosedyre tilrådd vask i mildt såpevatn og sprite. Begge deler er ok, så kvar må gå for det som fungerer best i praksis.

- [«Bruk av personlig beskyttelsesutstyr i primærhelsetjenesten»](#), FHI (6-10min)

Innføring i fagtema

Velg introduksjonshefte ut frå kor den tilsette skal jobbe.

«Dette må jeg kunne – introduksjon til helse- og omsorgsarbeid».

Heftet kan bestillast frå aldring og helse, eller lastast ned i pdf [her](#).

Vi anbefalar at den tilsette les heile heftet og at leiar vel ut tema for felles undervisning/samtale og praktisk øving/opplæring.

[Presentasjonar til bruk i undervisning](#)

Heftet består av fire delar:

- Del 1 omhandlar nokre av lovene som regulerer helse- og sosialtenestene i kommunane
- Del 2 gjev ei innføring i tema som observasjon, rapportering, kommunikasjon, haldningar, etikk, hygiene, aktivitetar, forflytningsprinsipp, komplikasjonar ved immobilitet, måltid, ernæring og tema i samband med død
- Del 3 beskriv kort nokre vanlege sjukdommar hos eldre
- Del 4 er ei sjekklisse for opplæring av nyttilsette

«Dette må eg kunne – gode tjenester til personer med utviklingshemming».

Heftet kan bestillast frå aldring og helse, eller lastast ned i pdf [her](#).

Vi anbefaler at den tilsette les heile heftet og at leiar vel ut tema for felles undervisning/samtale og praktisk øving/opplæring.

[Presentasjonar til bruk i undervisning](#)

Heftet består av fire delar:

- Del 1: Kva er utviklingshemming
- Del 2: Rammeverk for helse- og omsorgstenester i kommunen
- Del 3: Føresetnader for gode tenester (kommunikasjon, haldningar, etikk, privatliv, miljøarbeid, individuell plan og koordinator)
- Del 4: God helse for personar med utviklingshemming (helse og førebygging, observasjon og oppfølging, fysiske helseplager og sjukdommar, psykiske helseplager og sjukdommar)

Observasjonskompetanse

Film om [ABCDE observasjonar](#), Kompetansebroen (3,5 min).

I filmen får du ei forståing for kva som skal observerast. Har du lært og kan utføre målingar kan det drøftast med leiar.

Lindrande behandling og omsorg ved livets slutt

Film om [Lindrende behandling](#) , Kompetansebroen (4 min)

Vi anbefaler at ressursjukepleiarar i lindrande behandling, eller sjukepleiarar med vidareutdanning i palliasjon har gruppevis undervisning/refleksjon med personale som skal involverast i omsorg og pleie av alvorleg sjuke og døyande. Viktige tema kan vere:

- Enkel definisjon av palliasjon, og kven er den palliative pasienten?
- Dei mest vanlege symptoma
- Korleis kartlegge symptom, og evt. opplæring i bruk av ESAS-r
- Kommunikasjon med den alvorleg sjuke og deira pårørande

Omsorg ved livets slutt:

- Dei mest vanlege kjenneteikna på at ein pasient er døyande
- Dei mest vanlege symptoma hos døyande
- Viktige omsyn ved omsorg i livets siste fase, som til dømes ernæring, væske, pleie og stell
- Avdelinga sine rutinar ved omsorg for døyande
- Oppfølging og kommunikasjon med pårørande og etterlatne

Nyttige lenker med undervisningsmateriell for ressursjukepleiarar og anna helsepersonell:

[Kompetansesenteret i lindrande behandling, Helseregion Vest](#)
[Verdighetssenteret](#)

Kontaktinformasjon:

Marta Strandos, leiar USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

Tlf 41 52 64 16 , epost marta.strandos@sunnfjord.kommune.no

Berit Ullebust, utviklings- og kreftkoordinator

Tlf 90 64 17 04, epost Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no

Heimeside USHT: <https://ushtsognogfjordane.no/>

